



Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Eikelandsosen 19. mai 2015

**Fyllingsnes Fisk AS, org nr 930 387 215 og Eide Fjordbruk AS org.nr. 866 751 242**  
**- Søknad om endring av anleggskonfigurasjon ved lokalitet 19655 Ospeneset i Lindås kommune.**

Fyllingsnes Fisk AS og Eide Fjordbruk AS (Eide) søker med dette om endra anleggs-konfigurasjon (anlegg og flåte) ved lokalitet 19655 Ospeneset i Lindås kommune. Det omsøkte nye plastring-anlegget er ei rammefortøyning bestående av to rekker å tre stk 160 - 200 m ringar, total storleik ca 300 x 250 m (totalt 6 stk rammer/bur å 100 x 100 m). Den omsøkte fôrflåten vil bli plassert ca 80-100 m aust-søraust for anlegget.

Det blir ikkje søkt om utviding av maksimalt tillatt biomasse (MTB).

Under uværet «Nina» oppstod som kjent eit delvis anleggshavari på på lokaliteten. For å redusere faren for rømming på lokaliteten så ynskjer Eide å legge ut eit nytt plastringanlegg. På ein eksponert lokalitet som Langøy så vil eit plastringanlegg vera meir rømmingssikkert enn eit stålanlegg. **Eide imøteser difor raskast mogleg saksbehandling av søknaden slik at produksjonen på lokaliteten kan halda fram i samsvar med godkjent driftsplan fra Fiskeridirektoratet.**

Overgangen frå stålanlegg til plastringanlegg vil medføre større avstand mellom bura og god vassgjennomstrauming i anlegget. Dette vil sikre gode oksygenforhold og bidra til god fiskevelferd for fisken. Det er lagt inn 50 m ekstra avstand mellom dei to rekkena med bur, dette vil ytterligare bidra til betre vassgjennomstrauming i merdane.

Det nye omsøkte anlegget vil elles ha større samla merdvolum samanlikna med dagens anlegg, noko som også vil bidra til auka fiskevelferd for fisken i anlegget. I tillegg vil større samla merdvolumet gje meir fleksibilitet ved behandling mot lus og AGD i brønnbåt på lokaliteten.

Då eit plastringanlegg krev større overflateareal samanlikna med eit stålanlegg så vil delar av det nye omsøkte anlegget bli liggjande utanfor gjeldande område avsett til Akvakultur i Lindås kommune sin arealplan. Parallelt med denne søknaden er det difor sendt inn søknad



om dispensasjon frå gjeldande arealplan til Lindås kommune. Dispensasjon vil bli vidaresendt så snart vi har motteke denne.

Lokaliteten Ospeneset er ein av få lokaliteter der det har vore målt straum samanhengande gjennom eit heilt år. Desse målingane bekrefter at det er svært gode straumtilhøve for matfiskproduksjon på lokaliteten.

Dersom noko skulle vera uklart eller om det skulle vera behov for meir utfyllande informasjon er det berre å ta kontakt med underteikna . Ettersom det er planlagt utsett til hausten ber vi om snarleg handsaming.

Mvh

Arne Herre Staveland

Produksjonsleder, matfisk  
Eide Fjordbruk AS/ Fyllingsnes Fisk AS

Vedlegg:

1. Kystsoneplankart.
- 2a. Ospeneset, Olex 1-10.000.
- 2b. Ospeneset, Mærer-Anleggsskisse.
- 2c. Ospeneset, Sjøkart 1-50.000.
- 2d. Posisjoner, Ospeneset anlegg.
- 2e. Posisjoner, Ospeneset flåte.
3. MOMB rapport Ospeneset 2014.
4. Rapport straummåling Ospeneset.
5. Straumrapport, Fugro, 1 års straummåling.
6. Beredskapsplan sykdom og massedød.
7. Beredskapsplan for rømming.
8. Kvittering for innbetalt gebyr.
9. Innholdsfortegning Brukerhåndbok, IK-system.
10. Utfylt søknadsskjema.